



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 20.05.2015
Vår ref.: 2014/549-21
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.: «REF»

Tildeling Aktiv saman 2015

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot frå **Aktiv saman** tildeling i møte 12. mai. Sjå oversikt over fordeling i tabellen under.

Bergen og Hordaland Turlag	42000	Internasjonale dagar på Hallingskeid
	24000	Til topps (7/4 fjellstur)
	35500	Turleiarkurs i samarbeid med Røde kors (10 deltakarar)
Hordaland idrettskrets, Hordaland Fotballkrets og Norges håndballforbund Region Vest	100000	Etablere feltarbeidar ved skular med introduksjonsklassar i Fjell og på Askøy
Askøy kommune	10000	Camp Herdla (Kick camp)
	35000	Aktivitetsveke
Fjell kommune	26000	Camp Hitsøy
	12000	Sykkelkurs
	25000	Opplev Fjell - app
Aktiv saman	40000	Konferanse 22/9
	15000	Brosjyre til 22. september
	10000	FOU
Sum	374500	

Grunngjeving

For 2015 er det kr 400.000 til fordeling. Det kom inn søknader til 13 ulike tiltak frå aktørane i prosjektet. Total søknadssum er på kr. 592.000,- Fristen i år var sett til 15. april. Tildelinga er sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, og det er tildelt midlar frå Aktiv saman til søkjarar på ordninga for lokale friluftslivstiltak og tilskot til friluftslivsføremål (post 78) som er retta mot målgruppa i prosjektet.

Utbetaling

Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentlig forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling.

Tilskotsmottakarar utan organisasjonsnummer samt enkeltmannsføretak slepp krav om elektronisk faktura, og utbetaling blir som tidlegare.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- *Link til fakturaportal* <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>
- *Link til brukarretteiing* <http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2014/549
Ressursnummer: 400 010
Beløp: XXXX,-

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering

Ein kort rapport for bruk av tildelte midlar skal sendast til hfk@hfk.no merka med saksnummer 2014/549 innan 15. november 2015.

Lukke til vidare med arbeidet i **Aktiv saman!**

Med venleg helsing
Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.